



Eldbjørg Sivertsvoll heime i Uskedalen med flybiletet som vanlegvis heng på Tynset! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Førebels har vi fått lovnad på rundt 20 bilete til utstillinga av flyfoto i Bygdetunet Rød søndag 23. august. Det biletet som har reist lengst kjem heilt frå Tynset, melder primus motor Kristian Bringedal.**



Sanden-biletet vil sikkert utløysa mange kommentarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Motivet er frå Sanden og i fokus er tunet til Eldbjørg Sivertsvoll og Torfinn Myklebust. Biletet heng 'fast' på Tynset og det er truleg teke rundt 1955. Eller kan nokon datera det enda meir eksakt?

Bileta som Bringedal og medtilskipar Bjørgulv Eik førebels har fått lovnad på er frå Rød, sentrum, Neset, dalen, Eik, Steinsletto og Skorpo.

- Vi ynskjer nok bilete til at heile bygda er dekkja, seier Bringedal.

I etterkant av Museumsdagen legg dei opp til ein kulturhistorisk kveld på Rød torsdag 27. august der alle som har lånt ut bilete vert inviterte. Samlinga vil vera ope for alle interesserte.

- Der vil vi sei meir om 'Ei bygd i utvikling - tun og landskap frå 1950-talet til i dag', opplyser Bringedal.

Programmet for Museumsdagen er no klårt. Det er Jan O. Totland som skal halda friluftsgudstenesta denne gongen og under den syng Maria Malmsten religiøse folketonar.

Ho skal også i elden seinare, saman med Johanne Ø. Tvedten med dramatiseringa av romanen 'Madli und Apalen' av Omvikdalen-diktaren Jens Tvedt.

Fast post under Museumsdagen er stytemeisterskap og hvis det blir nok vatn går sjølvsgt kverna.

Av Ola Matti Mathisen